



Kopimottakar

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/72 - 15/6658

Saksbehandlar:

Monika Soltveit Gabrielli

monika.gabrielli@radoy.kommune.no

Dato:

11.06.2015

## Referat frå fordelingsmøte mellom Radøy kommune og Radøy idrettsråd

Møte var på rådhuset den 10. juni 2015 kl. 14.00 – 15.00.

Desse deltok: Bjørn Ove Myking frå Radøy idrettsråd og Monika Soltveit Gabrielli frå kultur- og sørvistorget.

Radøy kommune vil j.fr. samarbeidsavtalen (sjå vedlegg) orientera og leggja til rette for at idrettsrådet får si høyringsrett når det gjeld saker som har direkte tilknytning til idretten og som har konsekvensar for idretten. Samarbeidsavtalen seier også at ein skal ha minst eit møte for året.

På møte gjekk ein i gjennom dei søknadane som låg føre. Alle lag som trenar i hallen i dag, bortsett frå Hordabø basket og eit gutelag som trenar volleyball.

Manger handball får ikkje første ønskje sitt, som var å flytta treningstidene torsdagar til kl. 18.00, men får andre ønskje deira som var å behalda dei tidene dei har i dag. Grunngevinga er at ungdomsklubben sin «open hall» då vil få behalda sine to timar før treninga.

Det var einigheit om at Floen kollektivet fekk tilbake si treningstid onsdagar (den dei har hatt i mange år tidlegare, men ikkje i fjor), og kultur- og sørsvistorget vil fortsetja dialogen med folkehøgskulen om deira leige då dei ikkje er heilt ferdig med timeplanen ennå.

RMFK har gjeve melding om at måndag og onsdag er gode dagar for dei, og desse er no reservert til fotballen. Kultur og sørsvistorget held kontakt med fotballklubben og får på plass trenigstider og ansvarlege etterkvar som det vert klart.

Dei andre laga har fått sine ønskjer som også samsvarar med dei tidene dei har i dag.

På møte såg me også kort igjennom dei bestillingane som har kome på einskildarrangement. Desse vert bestilt fortlaupande og det vert ikkje gjennomførleg å ta desse opp i eit årleg møte. Det som kan forbeholdt når det gjeld desse bestillingane er to punkt.

- At ein først tek kontakt med dei som har faste treningstider i hallen før ein set opp nytt arrangement.
- At idrettsrådet får informasjon dersom det er arrangement som har konsekvensar for idretten.

Underteikna sender e-post med lenke til kalender. Her kan ein følgja med på aktivitetane.

Ref.

Monika Soltveit Gabrielli  
konsulent kultur- og sørvistorget

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*